

# INNBYDING TIL ETABLERING AV STIFTING

Innbyding til etablering av stifting for å realisere naudsynt fornying av skulebygningane på Sogn Jord- og Hagebruksskule - Landsline for økologisk landbruk.



## Framlegg til føremålsparagraf:

Føremålet til stiftinga er å tryggje og utvikle Sogn Jord- og Hagebruksskule som landbruksskule for økologisk landbruk og berekraftig næringsutvikling i landbruket

Innbydinga er eit initiativ frå:  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Aurland kommune  
Venneforeining for Sogn Jord- og Hagebruksskule.



# Bakgrunnen for innbydinga

## KVIFOR

Sogn og Fjordane fylkeskommune inviterer til spleiselag for å tryggje og utvikle kompetansemiljøet på Sogn Jord- og Hagebruksskule som ein nasjonalt viktig institusjon.

- Den einaste heilskapleg økologiske naturbruksskulen i landet
- Nasjonalt kompetansesenter for foredling av rå mjølk
- Kompetansesenter for stadbasert læring
- Skal bli eit fyrtårn for økologisk bygging generelt og for skulebygg spesielt

## KVA

Skuleeigar Sogn og Fjordane fylkeskommune føreset fornying av skuleanlegget for å kunne halde fram skuledrifta på Sogn Jord- og Hagebruksskule. Naudsynt utbygging er:

Byggjesteg 1: Nytt sentralbygg med klasserom, kontor, matsal, kjøken til 43 mill. kroner.

Byggjesteg 2: Renovering av Internat og ny treverkstad, til 30-40 mill.kroner

## KORLEIS

Skulebygningane skal bli fyrtårn for økologisk bygging, dette for å støtte opp om skulen sin profil. Det tyder utbygging med konsekvent bruk av klima- og miljøvenlege materialar, minimalt energiforbruk i produksjon og bruk av bygningsmassen, og bruk av fornybar energi. Diffusjons-opne konstruksjonar og naturleg ventilasjon skal sikre godt inneklima.

## MÅL

Høgast mogleg grunnkapital - minimum kr 30 millionar, for å sikre framtida til det unike kunnskapsgrunnlaget skulen har bygt opp gjennom snart 100 år.



Støtt opp om arbeidet for å tryggje og utvikle Sogn Jord- og Hagebruksskule  
Les meir om skulen på [www.sjh.no](http://www.sjh.no), eller ta kontakt: [sjh@sfj.no](mailto:sjh@sfj.no) / 57632650

# Kort om skulen



Landsline for økologisk landbruk Vg2 og Vg3 med plass til 52 elevar.

SJH og miljøet rundt medverkar til å:

- Gje kunnskap til bønder for å dekkje aukande marknad for økologisk mat
- Fremja nasjonale målsetjingar om større økologisk produksjon og forbruk
- Gjera heile landbruket meir miljøvennleg
- Gje ein del av Norge sitt svar til FN-organa FAO og IFAD, som framhevar økologisk landbruk som globalt viktig for klimautfordringa og for matsikkerheit.

SJH har omfattande aktivitet ut over vidaregåande opplæring med kursversemd og kompetanseutvikling.

Elevtall og oppfylingsgrad, SJH:

2009/10	30	58 %	Rekruttering til naturbruksutdanning er utfordrande over heile landet, SJH opplever same trend, men er ein av dei skulane som utdannar flest agronomar.
2010/11	36	69 %	
2011/12	41	79 %	
2012/13	28	54 %	
2013/14	35	67 %	

Støtt opp om arbeidet for å tryggje og utvikle Sogn Jord- og Hagebruksskule

Les meir om skulen på [www.sjh.no](http://www.sjh.no), eller ta kontakt: [sjh@sfj.no](mailto:sjh@sfj.no) / 57632650

### **Ressursenteret på SJH**

Avdeling med ansvar for organisering av kurs/seminar, studieturar, omvisingar og utviklingsprosjekt innan følgjande hovudtema:

- Økologisk produksjon og småskala foredling
- Foredling av rå, upasteurisert mjølk—nasjonale kurs i oppdrag frå LMD via Kompetansenavet Vest/innovasjon Norge.
- Innpåatunet, tilrettelagte og kvalitetssikra tenester på gardsbruk
- Stadbasert læring og entreprenørskap i nært samarbeid med Norsk Universitet for Miljø- og biovitenskap (NMBU) på Ås

### **Kompetansenavet Vest**

er administrativt knytt til SJH, men aktiviteten er styrt av eit regionalt samansett styre.

Det er eitt av fem matfaglege nettverk i Norge etablert i 2001, og skal medverka til utvikling og gje kompetansetilbod til bønder som ynskjer å vidareforedle råvarene sine sjølve eller samarbeide med reiselivet om opplevingar knytt til lokalmat.

Kompetansenavet Vest dekkjer og koordinerer prosjekt i Hordaland og Sogn og Fjordane i tett samarbeid med FMLA, Innovasjon Norge, fylkeskommunane og næringsutviklinga på kommunalt nivå, sjå elles [www.kompetansenavet.no](http://www.kompetansenavet.no).

Bønder som søker kompetanse får hjelp gjennom:

- Besøksordninga—skreddarsydd næringsmiddelfagleg hjelp til den enkelte bedrift
- Kurstilbod som Kompetansenavet arrangerer i samarbeid både med SJH og andre vidaregåande skular som har ansvar for kompetansetilbod til bønder og matbedrifter.

### **Budsjett**

I 2012 balanserte skulen sitt budsjett på 23 mill.kr. Kostnadane vart dekkja av egne inntekter (58%), av landslinetilskot frå staten (35%) og av tilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune (7%).

### **Fakta om økologisk landbruk i Noreg**

Kun 5% av **jordbruksarealet** er økologisk, og berre 1,2 % av **forbruket** er økologisk, langt bak land i EU. (Enkelte kategoriar høgare, som egg og barnemat, 25% ).

Forbruk av økologisk mat var i 2012 på 17%, med forventa vekst i 2013.

36% av befolkninga betaler meir for økologisk om dei får tak i—særleg bær, frukt og grønt.

Støtt opp om arbeidet for å tryggje og utvikle Sogn Jord- og Hagebruksskule

Les meir om skulen på [www.sjh.no](http://www.sjh.no), eller ta kontakt: [sjh@sfj.no](mailto:sjh@sfj.no) / 57632650

## UTKAST TIL VEDTEKTER

### § 1

Stiftinga Sogn Jord- og Hagebruksskule er ei sjølveigande alminneleg stifting.

Stiftinga er oppretta av:  
Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
Aurland kommune  
SJH veneforeining

....

...

...

### § 2

Føremålet til stiftinga er å tryggja og utvikle Sogn Jord- og Hagebruksskule som landbruksskule for økologisk landbruk og berekraftig næringsutvikling i landbruket

Føremålet skal oppfyllast slik

1.

Stiftinga skal støtte skuleeigar Sogn og Fjordane Fylkeskommune ved å stå ansvarleg for naudsynte nybygg og/eller renovering av skulebygningane i tråd med fylkeskommunen sine utbyggingsplanar på skulen, og leige desse ut til skuleeigar.

2.

Stiftinga skal saman med Sogn og Fjordane Fylkeskommune medverka til å skape aktivitetar som betrar driftsresultatet for skuledrifta.

3.

Stiftinga skal aktivt medverka til utvikling og drift av nye verksemder med grunnlag i verdiskapingspotensialet på Sogn Jord- og Hagebruksskule og nettverket rundt skulen.

4.

Dersom skuleeigar Sogn og Fjordane Fylkeskommune avviklar drifta av Sogn Jord- og Hagebruksskule, skal stiftinga arbeide for at skuledrifta blir vidareført på andre måtar. Stiftinga har intensjonsavtale med Aurland kommune om vederlagsfri bruksrett til skuledrift på eigedommen gnr.12 bnr.18, Urdal, med alle rettar og plikter og hus som høyrer garden til frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Jamfør vilkår i skøyte på garden frå 1941.

### § 3

Stiftinga sitt kontor er i Aurland kommune med adresse 5745 Aurland

### § 4

Stiftinga sin grunnkapital er kroner 30 millionar.

### § 5

Stiftinga vert leia av eit styre på 3 - 9 medlemmer. Kvar skipar som nemnd i § 1, vel eitt styremedlem med personleg vara. Tilsette på Sogn Jord- og Hagebruksskule vel ein representant til styret. Styreleiar skal veljast av styret.

Styret held møte når styreleiar eller tre av medlemmene krev det. Møtet skal kallast inn med minst ei veker varsel. Styret er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemmene er tilstades. Styret gjer vedtak med vanleg fleirtal om ikkje anna går fram av desse vedtektene.

Ved likt røystetal er fungerande leiar si stemme avgjerande. Framlegg om å endre vedtektene krev samrøystes styrevedtak, jf vedtektene § 9

Det blir ført protokoll over styremøta. Protokollen skal underteiknast av møtande styremedlemmer.

## **§ 6**

Styret er Stiftinga sitt øvste organ. Forvaltning av stiftinga høyrer inn under styret. Styret skal syte for at stiftinga sitt føremål vert ivareteke og at utdeling skjer i samsvar med vedtektene. Styret skal sjå til at rekneskap og forvaltning av formue vert kontrollert på ein trygg måte.

## **§ 7**

Styret representerer stiftinga.

Styret kan gje styremedlemmer rett til å representere stiftinga åleine eller i fellesskap. Styret kan når som helst kalle tilbake slik fullmakt.

## **§ 8**

Styret for stiftinga skal syta for at det blir ført rekneskap for stiftinga i samsvar med rekneskapslova. Rekneskapen skal avsluttast seinast 30. juni. Årsrekneskapen for stiftinga skal reviderast av revisor som vert engasjert av styret. Styret godkjenner rekneskapen.

Eventuelt overskot i verksemda til stiftinga skal avsetjast for å fremja føremålet til stiftinga.

## **§ 9**

For vedtektsendring, omdanning og oppheving gjeld reglane i Stiftelseslova kap. 6.

## **§ 10**

Tilhøve som ikkje er regulerte i desse vedtektene følgjer reglane i den stiftelseslova som gjeld til ei kvar tid

UTKAST ØKONOMISK OVERSYN

**OPNINGSBALANSE**

	<b>Alternativ 1</b>	<b>Alternativ 2</b>	<b>Alternativ 3</b>
<b>EIGENDELAR</b>			
<b>Anleggsmidler</b>			
Tomt, bygninger	43 000 000	43 000 000	43 000 000
<b>Sum anleggsmidler</b>	<b>43 000 000</b>	<b>43 000 000</b>	<b>43 000 000</b>
<b>Omløpsmidlar</b>			
Bankinnskot	-	-	-
<b>Sum omløpsmidlar</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
 Sum eigendelar	 43 000 000	 43 000 000	 43 000 000

**GJELD OG EIGENKAPITAL**

Grunnkapital	43 000 000	36 000 000	30 000 000
Sum innsett eigenkapital	43 000 000	36 000 000	30 000 000
Annan eigenkapital			-
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>43 000 000</b>	<b>36 000 000</b>	<b>30 000 000</b>

Avdragstid 20 år

Langsiktig gjeld	0	7 000 000	13 000 000
Sum langsiktig gjeld	0	7 000 000	13 000 000

Renter 5 %

**Kortsiktig gjeld**

<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>	<b>43 000 000</b>	<b>43 000 000</b>	<b>43 000 000</b>
----------------------------------	-------------------	-------------------	-------------------

**RESULTATBUDSJETT**

<b>Driftsinntekter</b>			
Leigeinntekter	850 000	1 200 000	1 500 000
Andre inntekter			
<b>Sum inntekter</b>	<b>850 000</b>	<b>1 200 000</b>	<b>1 500 000</b>

**Driftskostnader**

Avskrivning	430 000	430 000	430 000
Kommunale avgifter			
Eigedomsskatt			
Forsikring	50 000	50 000	50 000

1 %

Vedlikehald	200 000	200 000	200 000
Straum			
Revisjon	20 000	20 000	20 000
Styrehonorar	30 000	30 000	30 000
Forretningsførar	50 000	50 000	50 000
Andre driftskostnadar	50 000	50 000	50 000
<b>Sum driftskostnadar</b>	<b>830 000</b>	<b>830 000</b>	<b>830 000</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>20 000</b>	<b>370 000</b>	<b>670 000</b>
Renteinntekter			
Rentekostnadar år 1		350 000	650 000
<b>Sum finanskostnadar</b>	<b>0</b>	<b>350 000</b>	<b>650 000</b>
<b>Årsresultat</b>	<b>20 000</b>	<b>20 000</b>	<b>20 000</b>

5 %

## LIKVIDITETSBUDSJETT

### Driftsinntekter

Leigeinntekter	850 000	1 200 000	1 500 000
Andre inntekter			
<b>Sum inntekter</b>	<b>850 000</b>	<b>1 200 000</b>	<b>1 500 000</b>

### Driftskostnader

Kommunale avgifter	-	-	-	Skuledrift
Eigedomsskatt				Ingen eigedomsskatt
Forsikring	50 000	50 000	50 000	
Vedlikehald, påkosting	200 000	200 000	200 000	
Straum				Skuledrift
Revisjon	20 000	20 000	20 000	
Styrehonorar	30 000	30 000	30 000	
Forretningsførar	50 000	50 000	50 000	
Andre driftskostnadar	50 000	50 000	50 000	
<b>Sum driftskostnadar</b>	<b>400 000</b>	<b>400 000</b>	<b>400 000</b>	
<b>Driftsresultat</b>	<b>450 000</b>	<b>800 000</b>	<b>1 100 000</b>	
Renter og avdrag		562 000	1 043 000	
<b>Sum finanskostnadar</b>	<b>0</b>	<b>562 000</b>	<b>1 043 000</b>	
<b>Årsresultat</b>	<b>450 000</b>	<b>238 000</b>	<b>57 000</b>	